

SMITTEVERNREGLAR FOR KULTURHUS – DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN MØRE OG ROMSDAL

Før arrangement:

- Dersom skolen har kohortinndeling:
 - Skal det vere 2 meter avstand mellom kohortane.
 - Skolen tek ansvar for plassering av kohortane i salen.
- Dersom skolen ikkje har kohortinndeling:
 - Kulturhuset sine avstandsreglar skal følgjast.
 - Tilsette i kulturhuset har ansvar for plassering i sal.
 - Frå 9.november er det lov med 50 personar på innandørs arrangement kor ikkje alle sitt i fastmonterte seter og 200 personar på innandørs arrangement føreset at alle sitt i fastmonterte seter.
- DKS Møre og Romsdal sørger for at skolen og kulturhuset har kontakt om dette på førehand. Det vil vere nødvendig å avklare om ein må redusere talet i publikum for å oppretthalde smittevernreglane.
- Utøvar tek kontakt 1 veke før besøket for å avtale:
 - Get-in, møtestad
 - Kulturhuset sine smittevernreglar.
- Sjekk at avstanden mellom publikum og scene er 2 meter.

Under arrangement:

- Følg Folkehelseinstituttet sine generelle smittevernråd (www.fhi.no)
- Dersom utøvar varslar kulturhuset om at han/ho har fått symptom på covid-19 under besøket, må kulturhuset sørge for at utøvar blir isolert på eige rom før avreise.
 - Utøvar skal ta på seg munnbind og kontakte lokalt Korona-testsenter for testing. Utøvar skal ikkje bruke offentleg transport tilbake til hotell eller testsenter.
- Sørg for at elevane sit minst 2 meter frå scenekanten.
- Kontaktperson opnar dørar og viser veg til spelestad, og viser kva rom som kan nyttast av utøvarane.
- Hald minst 1 meter avstand til utøvarar og elevar.
- Utøvarar har med eigen mat og drikke.